



2 Kommuneleiing - Stab

Kommuneleiing – stab omhandlar desse tenesteområda

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttfunksjonar etter dei krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar.

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
		2022	2022	2022	2021
1200	KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	5 256	4 923	4 323	4 940
1210	PERSONAL OG LØN	2 689	2 384	2 384	2 331
1220	ØKONOMI	3 043	3 101	3 101	2 879
1230	SERVICEKONTORET	2 506	2 669	2 669	2 363
1240	DIVERSE FELLESEFUNKSJONAR	18	-	-	3
1250	IKT	777	810	810	761
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	807	1 710	1 710	1 214
2110	BARNEHAGE	1 364	453	453	1 146
2120	GRUNNSKOLE	212	249	249	412
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	50	350	350	10
2412	PSYKISK HELSEVERN	105	100	100	102
2423	MOT - PROSJEKTET	-	25	25	-6
2440	BARNEVERN TENESTE	259	234	234	238
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	755	689	689	881

2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	- 1	- 50	3	- 128
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	428	341	341	402
3100	FORMIDLINGSLÅN	- 165	- 100	- 100	- 82
3250	NÆRINGSKONTORET	710	183	183	687
3253	JORD- OG SKOGBRUK	538	543	543	518
3610	VILTFORVALTNING	128	133	133	161
3620	FRILUFTSLIV	193	266	266	203
3650	KULTURMINNEVERN	- 116	73	73	35
3700	BIBLIOTEK	924	1 088	1 088	827
3750	MUSEER	-	28	28	-
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	95	140	140	95
3810	IDRETT	285	250	250	265
3850	KULTURKONTORET	426	738	738	751
3851	ANDRE KULTURTILTAK	200	169	169	165
3852	Frivilligsentral	502	485	485	283
Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB		21 988	21 984	21 437	21 457

Området er omlag i balanse. Meirforbruk på ei teneste vert kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet.

Prosjektet Omstilling av fellesfunksjonar har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet vil halde fram i 2023.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbygger.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbygger. I indikatoren inngår administrativ leiing, stab- og støttefunksjoner. Data blir vist i kroner per innbygger.

	2022	2022	2021	2021	2020	2020
Kostra funksjon	1532 Giske	Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1
120 Administrasjon	3 752	4 652	3 875	4 149	3 685	4 108
231 Aktivitetstilbod barn og unge	6	139	1	101	11	108
320 Kommunal næringsverksemd	1	-126	-11	-117	1	-91
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet	155	348	30	221	-107	105
370 Bibliotek	113	308	99	299	195	290
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	33	128	31	89	31	83

385 Andre kulturaktivitetar og
tilskot til andres kulturbygg

117

324

202

278

129

299

På kostrafunksjon 120 inneheldt tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein reduksjon frå 2021 til 2022 med kr 123 per innbyggjar.

Giske kommune bruker kr 900 mindre per innbyggjar enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 7,8 mill.kr.

2022 var også prega av at det har var pandemi i starten av året og mindre aktivitet når det gjeld kultur enn normalt. Nokre aktiviteter er også løyst på annan måte, noko som kan gi utslag i tala.

Bibliotektenesta i Giske kommune har også i 2022 blitt drifta på eit absolutt minimumsnivå. Opningstidene og tilbodet har vore redusert i perioden. Frå 1. januar 2023 er bibliotektenesta styrka med ei heil stilling. Giske kommune brukar kr. 195 mindre per innbyggjar enn gjennomsnittet i kostragruppe 1.

Det vart fordelt koronamidlar til utsette bedrifter på starten av året.

Studier har vist at kommunar tolkar og definerar administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanliknbare mellom alle kommunar og er noko usikre.